



## DEN GODE DAGEN

### Bakgrunn

Sande skule og Sande omsorgssenter har dei siste åra hatt eit samarbeid i valfaget "*Innsats for andre*". Ungdomsskulelevar har vore ivrig i å aktivisere, hjelpe og sosialisere pasientar ved omsorgssenteret. Det har vore satt stor pris på å ha elevar innom. Pasientar har fått handla, vore med på eldrekafe, turar i solskin, spel, ball-leikar, song og musikk. Det har vore ekstra kjærkome med desse aktivitetane etter at aktivitetstova flytta ut.

I år vil ein prøve å legge til rette for meir systematikk, der ein skal kartlegge og lage tiltak som kan auke trivselen hos pasientane.

Eit delmål ved Sande omsorgssenteret er å skape den gode dagen for dei som bur her. Med bakgrunn i delmålet vil Sande omsorgssenter ha undersøkt;

- Trivast pasientane?
- Kva skal til for å oppleve den gode dagen?
- Kva tiltak/aktivitetar må setjast i verk for å oppnå den gode dagen for pasientane?

Sande omsorgssenter ynskjer at de lage eit spørjeskjema og intervjuar pasientane på omsorgssenteret og i omsorgsbustadane. I tillegg ynskjer Omsorgssenteret ei tilbakemelding på kva de oppfattar må til for at pasientane skal oppleve den gode dagen. Til slutt ynskjer vi at prosjektet munnar ut i tiltak/aktivitetar som fremmar trivsel som er ein viktig del av en gode dagen.

Vi ser fram til å høyra kva de kjem fram til!

Med vennleg helsing Sande omsorgssenter